

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
FORMANNSKAPET	01.12.2011	074/11	AHK
KOMMUNESTYRET	15.12.2011	081/11	AHK

Saksansv.: Annlaug Kjelstad	Arkiv: K1-110	Arkivsaknr
	Objekt:	08/90
	Avgjerd av:	

INNSPEL TIL NASJONAL TRANSPORTPLAN- RIKSVEGUTBYGGING, EVENTUELT OG TIL FØRDEPAKKEN

Vedlegg:

Rapport Vagstad Prosjektservice AS 24.10.2011

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Naustdal kommune ynskjer å beskrive utfordringar for vegnettet i Naustdal tettstad, og å peike prosjekt som bør vere aktuelle i samband med NTP og "Førdepakken".

Naustdal kommune har og ynskt ei klårgjering av retningslinjer for finansiering av prosjekt i "Førdepakken" med omsyn til trafikk på rv. 5 mellom Naustdal og Førde.

Kommunen har gitt firma Vagstad prosjektservice AS i oppdrag å gjere ei utgreiing av desse problemstillingane.

Vi er kjende med at det er starta opp arbeid med kommunedelplan for framtidig E39 utanom Førde sentrum, og at det er i gang rullering av Førde kommune sin kommunedelplan for trafikk.

Desse planane skal etter det vi forstår bestemme framtidige trasear for E39, rv. 5, fv. 609, og det mest sentrale gatenettet i Førde. Det er utarbeidd planprogram for planoppgåva. Som førebuande arbeid for kommunedelplanprosessen er det utarbeidd ein silingsrapportsom har som føremål å avklare kva for alternativ som skal utgreiast nærmare i ein kommunedelplan. Denne silingsrapporten med tilråding er sendt på høyring.

Førde bystyre gjorde 16.06.2011 eit prinsippvedtak om delfinansiering av prosjekt i og rundt Førde med bompengar. Det arbeidast no med formelt grunnlag for ein bompengesøknad for "Førdepakken".

Saksutgreiing for vedtak 16.06.2011 i Førde kommune gjev føresetnader for innhald i "Førdepakken".

Rådmannen har meint at Naustdal kjem dårleg ut i den planverk som er gjeld for riksvegnettet i regionen:

- E 39 blir opprusta Vadheim- Skei, med særpakke rundt Førde.
- Rv 5 er opprusta frå Naustdal Nord og vestover til Florø.
- Rv5 gjennom Naustdal er slik han vart etablert på 70- talet, og det er ikkje planar om opprusting. Rapporten frå Vagstad dokumenterer at vegen har store manglar funksjonelt, trygghetmessig og estetisk i dag.

Den nemnde saksutgreiinga for Førde kommune punkt 6 peikar på at tilslutning frå nabokommunar er vesentleg når ein søknad om bompengefinansiering skal vurderast.

Frå Naustdal er det naturleg å peike på at Førde er regionsenter som genererer stor grad av arbeidspending og reiser for handel, kulturtilbod og idrett med meir i nabokommunane. Førdepakken kan såleis forståast som eit regionalt tiltak. Busette i nabokommunane vil betale mykje av bompengane. Naustdal er i høve til folketal ein av dei store utpendlingskommunane i landet, og brorparten pendlar til Førde.

Vurdering:

Naustdal er ein delt tettstad, med elva og rv. 5 som barrierar:

Dagens rv. 5 gjennom Naustdal er frå 1972. Sidan den gong har det vore ei stor trafikkutvikling, og rv. 5 har etter kvart vorte ein større og større barriere mellom sentrum og byggjefelta aust for Nausta, dei største i Naustdal.

Rv. 5 som barriere forsterkast ved at trafikk til/frå sentrum med viktige tenester som skule, barnehage, butikkar, bensinstasjon, bank, busshaldeplass og friområde, må gå over to bruer som ikkje er tilrettelagt for gang og sykkeltrafikk. Krysset ved Naustdalsbrua er trafikkfarleg. Det er berre to bruer over Nausta. Ingen av dei er plassert langs kortaste akse mellom byggjefelta og sentrum. Elva er ein stor barriere.

Bru for rv.5 over Nausta er med sine smale fortau ikkje tilrettelagt for gang/sykeltrafikk. Tilknytingspunkt for gangveg like ved brua i kvar ende er trafikkfarleg."

Heile strekninga mellom Naustdalsbrua og Naustdalsfossen manglar gang- og sykkelveg, bortsett frå siste biten mellom kryss med Berrvellene og kryss med Øyravegen. Her er det planfri kryssing av rv. 5 mellom busslommene ved Naustdalsfossen.

Det er registrert ein del gangtrafikk som ikkje nyttar undergangen, spesielt mot busstopp på vestsida av vegen. Problem med drenering har mange gonger ført til at undergangen er oversvømt.

Det burde vere veglys langs rv 5 på strekket mellom kryss mot Øyravegen aust for elva, og opp til det nyare anlegget ved Naustdalsfossen.

Kommunen har og fått vurdert situasjonen for sykkeltrafikk på strekket Førde- Naustdal. Situasjonen er ikkje god, og det er vist til tiltak som kan gjere situasjonen betre.

Det er og vesentlege manglar ved det kommunale vegnettet ved Naustdal tettstad. Desse er berre drøfta i denne saka i den grad dei har relevans til forholda på det overordna vegnettet.

Aktuelle tiltak:

Vi har fått dokumentert ein del aktuelle tiltak på ulike deler av vegnettet. Berre hovudtrekk blir referert her:

1. Område A, ved riksvegbrua

Det er vist 2 alternative løysingar her. Dagens smale fortau på begge sider av brua blir i begge alternativa erstatta av eitt breiare.

Alternativ 1 har fortau på austsida (oppstrøms), i kombinasjon med gangveg vidare nordover til X fv 611, med kryssing av riksvegen der.

Alternativ 2 har fortau på vestsida, i kombinasjon med omlegging av det trafikkfarlege krysset mot Øravegen.

I begge tilfella er det føresett montering av veglys i området.

2. Område B, ny gangbru

Her er det vist eitt prinsipp for plassering av gangbru, med samband til Øravegen, og med gang- sykkelveg til X fv 611.

Utgreiing føreset at det blir montert veglys også på dette strekket.

3. Område C, Ospeteigen- gamlebrua/ rv 5.

Her manglar det fortau, og det trengst stor omlegging, kanskje nybygging av veg og bru, i det tilfellet at dette skal tene som viktigaste skulevegen.

Utgreiing føreset at det blir oppgradert veglys også på dette strekket.

4. Område D, Berrvellene, Lunden barnehage- X Tunavegen

Her trengst fortau og opprusta veg, med lysanlegg. Området er omfatta av reguleringsarbeid som pågår.

Kombinasjon av tiltak:

Utgreiinga vår samanstillar og prioriterer tiltaka slik:

- Nytt gangvegsamband med ny bru over Nausta som skildra for område B, er det beste tiltaket for gang og sykkeltrafikk. Tiltaket bør kombinerast med dei andre viste tiltaka for område B.
- Kryss ved Naustdalsbrua bør utbetrast sjølv om ikkje tiltak for å betre tilhøva for gangtrafikk over Naustdalsbrua og vidareføring av gangveg mellom Naustdalsbrua og kryss med fv. 611 vert prioritert.
- Både ei av dei alternative løysingane for område A og tiltaka som er skildra for område C bør gjennomførast dersom det ikkje vert nytt gangvegsamband med ny bru over Nausta.
- Tiltak for område D bør gjerast uavhengig av dei andre tiltaka
- Det bør vere veglys langs alle dei nemnde vegstrekningane. For strekningar langs kommunal veg som har veglys i dag oppgraderast dette til noverande krav i samband med bygging av valde tiltak, men veglys bør byggjast uansett.

Forholdet til Førdepakken:

Det er sett på prinsipp for bompengefinansiering, og utgreiing drøftar relevans for prosjekt i Naustdal inn mot Førdepakken. Synspunkt oppsummerast slik:

Naustdal kommune har argument for at det bør gjennomførast tiltak i Naustdal når det vert kravd inn bompengar på rv. 5. Naustdal kommune har gode prosjekt i Naustdal som gir positiv effekt i Førde i høve til målsetjingar for "Førdepakken".

Naustdal kommune bør utgreie aktuelle tiltak og få på plass godkjente reguleringsplanar for ønska tiltak som stettar krav til utgreiingsnivå i NTP. Som ein del av grunnlaget for "Førdepakken" bør det gjennomførast ei trafikkundersøking der ein får svar på trafikktalet og fordeling til reisemål for reisande på rv.5 mellom Naustdal og Førde

Rådmannen vurderer at Naustdal kommune har vesentleg styrka dokumentasjon for at deler av vegnettet i og gjennom Naustdal har vesentlege manglar i høve til funksjon, tryggleik og estetikk. Rapporten frå Vagstad stadfestar og utdjupar såleis tidlegare uttaler frå kommunen.

Utbygging av riksvegnettet i Naustdal er viktig i eit overordna perspektiv. Vi tenkjer særleg på gangbru over Nausta og kryss ved RV5. Smidig, effektiv og miljømessige dagleg arbeidsmarknadsutveksling mellom Sunnfjord kommunane har stor betydning for fylke som heilskap.

Transport langs E39 og RV5 knyter saman nyttetraffikk gjennom fylke til/frå stamnetthamn i Florø og ein stor del av innbyggjarane i Sunnfjord nyttar dagleg desse transportårene. Vi meiner det vil være relevant å vurdere eit auka kunnskapsgrunnlag for transportsystemet i Sunnfjord med tanke på kollektivtransport og miljø, tryggleik og senterutvikling opp mot dei store investeringar i stamvegnettet. Samordna transportplanlegging innanfor ein region har hittil i stor grad har vore knytt til større byar.

Det kunne være relevant å vurdere metode for å handtere lokale tryggleikstiltak, stamvegutbygging- og kollektivsystem med utgangspunkt i vår fleirkjerna senterstruktur i Sunnfjord. I dei vidare drøftingane med Førde kommune om bompengefinansiering av Førdepakka kan dette være relevant å innspel å ta med seg. Vi bør også vurdere å ha kontakt med anna trafikkfagleg rådgjeving i denne prosessen. Bompengefinansiering av tiltak på E39, herunder også mogelege tiltak langs RV5 vil i stor grad berøre kommunen sine innbyggjarar med utgangspunkt i bruk av vegane til dagleg pendling og andre gjere mål

Det er grunn til å understreke nokre av dei mange gode samfunnseffektane ei ny gangbru over rv 5 og Nausta vil ha:

- Gangbrua vil gje heile dagens Naustdal tettstad god tilkomst til bussterminal. Brua vil vere eit viktig element i visjonen å få til eit fungerande kollektivnett på strekket Førde-Florø.
- Gangbrua vil gje trygg skuleveg.
- Med brua vert Naustdal sentrum ein tettstad der prinsippet Universell utforming i stor grad er etterlevd. Langt fleire kan ta seg fram på eiga hand til servicetilbod når sambandet er etablert.

Rådmannen er tilfreds med at det ligg føre finansiering for reguleringsplan for dette tiltaket, og at arbeidet med planen gangbrusambandet er i gang.

Det er vist konkrete løysingar på korleis det kan skapast ein langt betre situasjon ved riksvegbrua (Naustdalbrua), og rådmannen vurderer at vesentlege deler av desse tiltaka bør gjennomførast uavhengig av tiltaket ny gangbru. Vegvesenet har uttalt at dette området er svært trafikkfarleg, og dei alternative løysingane i dette området bør snarast vurderast nærare i einreguleringsprosess.

Rapport frå Vagstad Prosjektservice as datert 24.10.2011 dokumenterer at det er stor trong for tiltak knytt til riksvegnettet i Naustdal. Samstundes viser rapporten at også relativt mindre tiltak vil gjere stor forskjell. Dei aktuelle tiltaka i Naustdal bør få plass i ein tiltakspakke for vegnettet i Indre Sunnfjord.

TILRÅDING:

Naustdal kommune meiner det er viktig for den regionale utviklinga i Sunnfjord at løyvingar til E39 for parsellen Sande- Moskog og "Førdepakken" særskilt vert prioritert med budsjettløyving og gjennomføring snarast.

Naustdal kommune meiner at det i samband med rullering av NTP av må innarbeidast fylgjande tiltak på RV5 - Stamveg Florø - Sogndal - Oslo;

- a) Ny gangbru over Nausta og rv 5 i Naustdal, med tilførsleveggar.
- b) Utbetring av trafikkfarleg kryss ved Naustdal bru, og oppgradering av rv 5 på strekket kryss Øyravegen til ny gangbru. Oppgradering må omfatte tryggingstiltak for gåande og syklende, lysanlegg, og estetisk oppgradering.

Naustdal kommune stiller seg positive til deltaking i "Førdepakken". Naustdal kommune vil kome attende med innspel knytt til innkrevingsområde, tiltak og analyseomfang. Bompengeringen vil påføre innbyggjarane i Naustdal ekstra kostnader og det er derfor vanleg at kommunane får påverke tiltakspakken. Naustdal kommune ventar fokus på trafikktryggleik, mjuke trafikantar og kollektivknutepunkt vert ein del av vidare oppfølging av "Førdepakken".

Naustdal kommune ynskjer å arbeide for å at det vert oppstart av planarbeid knytt til samordna miljø, areal og transportiltak for Sunnfjord

Naustdal kommune vil komma attende med eiga sak om rassikring langs RV5 mellom Naustdal og Førde.

Midlar til deltaking i aksjekapital i Førdepakken AS vert løyvd av unytta lånemidlar. Eiga sak vert lagt fram.

01.12.2011 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

SAKSORFØRAR: Anne Britt Øyra

15.12.2011 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå FrP:

Tillegg til tilrådinga, avsnitt 4 – linje 1

Naustdal kommune stiller seg positive til deltaking i "Førdepakken" **men er negative til ei bompengefinansiering.**

Framlegg frå Venstre:

Endring 4. avsnitt i tilrådinga – 3. linje:

Bompengeringen vil påføre innbyggjarane i Naustdal ekstra kostnader og **ein forventar** at kommunane får påverke tiltakspakken. Naustdal kommune ventar fokus på trafikktryggleik, mjuke trafikantar og kollektivknutepunkt vert ein del av vidare oppfølging av "Førdepakken".

AVRØYSTING:

1. avrøysting: Framlegget frå FrP fall med 2 mot 19 røyster
2. avrøysting: Framlegget vart samrøystes vedteke.
3. avrøysting: Tilrådinga med endringsframlegg frå Venstre vart vedteke med 20 mot 1 røyst.

Etter dette har kommunestyret gjort fylgjande

VEDTAK:

Naustdal kommune meiner det er viktig for den regionale utviklinga i Sunnfjord at løyvingar til E39 for parsellen Sande- Moskog og "Førdepakken" særskilt vert prioritert med budsjettløyving og gjennomføring snarast.

Naustdal kommune meiner at det i samband med rullering av NTP må innarbeidast fylgjande tiltak på RV5 - Stamveg Florø - Sogndal - Oslo;

- a) Ny gangbru over Nausta og rv 5 i Naustdal, med tilførsleveggar.
- b) Utbetring av trafikkfarleg kryss ved Naustdal bru, og oppgradering av rv 5 på strekket kryss Øravegen til ny gangbru. Oppgradering må omfatte tryggingstiltak for gåande og syklende, lysanlegg, og estetisk oppgradering.

Naustdal kommune stiller seg positive til deltaking i "Førdepakken". Naustdal kommune vil kome attende med innspel knytt til innkrevingsområde, tiltak og analyseomfang. Bompengeringen vil påføre innbyggjarane i Naustdal ekstra kostnader og ein forventar at kommunane får påverke tiltakspakken. Naustdal kommune ventar fokus på trafikktryggleik, mjuke trafikantar og kollektivknutepunkt vert ein del av vidare oppfølging av "Førdepakken".

Naustdal kommune ynskjer å arbeide for å at det vert oppstart av planarbeid knytt til

samordna miljø, areal og transportiltak for Sunnfjord

Naustdal kommune vil komma attende med eiga sak om rassikring langs RV5 mellom Naustdal og Førde.

Midlar til deltaking i aksjekapital i Førdepakken AS vert løyvd av unytta lånemidlar. Eiga sak vert lagt fram.

.....